



## Invitasjon KOS- kveld ved Kleppe SFO

KOS= Kleppe skule Operasjon Skulestart 😊

Vi vil gjerne invitere deg saman med dine føresette til å kome på besøk på Kleppe SFO torsdag 24.april, og onsdag 7. mai 2025, klokka 17.00 - 18.00.

Du kan kome den eine eller begge kveldane om du vil.

Vi kjem til å vere på basen som førstetrinn skal vere på til hausten. Du får sjå korleis vi har det både ute og inne. Når du kjem, skal du fyrst gå til den vaksne ved bordet og sei namnet ditt. Vi kallar det å "krysse" deg inn. Du kan leike inne eller ute, perle, teikne eller berre vere der litt og sjå korleis det ser ut hos oss. Fint om dei vaksne som er med deg kan hjelpe deg til å hugse å rydde det du har leika med når du er ferdig, så får du øvd på det også 😊

Vi serverer litt enkel mat til dei nye førsteklassingane.

(Fint om føresette kan gi beskjed på førehand om vi skal ta omsyn til allergiar den eine eller begge desse kveldane)

Det blir mange folk med barn og vaksne, difor er det fint om ikkje søsken er med utan at det er heilt nødvendig.

SFO – leiar og nokre av dei andre vaksne som jobbar på SFO kjem til å vere til stades, men det er viktig at du har med deg ein vaksen du kjenner som passar på deg denne kvelden.

Vi håper at du kjem!

Med vennleg helsing alle oss på Kleppe SFO 😊

Dersom du lurer på noko, eller skal gi beskjed om allergiar til KOS kveldane kan du sende melding til Jane Skår i Visma, eller nytte deg av kontaktinformasjonen under.

Jane Skår, leiar Kleppe SFO – [jane.skar@klepp.kommune.no](mailto:jane.skar@klepp.kommune.no), Tlf: 400 31 603